Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr. Tillegg.

Emne: Ard og plog.

Oppskr. av: Olav Nordbø.

(adresse): Bø Telemark.

Fylke: Telemark

Herad: Bø

Bygdelag:

Gard: Nordbø

G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eige røynsle og oppskr.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, båe har vore bruka.
2. Nei, no er det utslokkakke.
Til å mylda kornet med nytta dei harv, som var av tre og med trepinnar i.
Dei nakka plogsla med greor au.
3. Arden blei nytta til å hyppja jordeple. Nokon sers skilnad på ard og hyppjeplog kjenner eg ikkje til.
4. Eg kjenner att nr. 3. Men det kunne vera ymse variantar.
6. Eg har ikkje høyrt anna ord enn skåklane.
7. Det var ymist skilnad på skjerbreidda.
8. Arden hadde veltefjøler
Bak stod opp ein trekant ein fjølstubb som fastsette breidda på fora som blei plogd (arda) millom eplefårene (ell. ferrane).
Jorda blei da rubba til side.

1383

9. Nei.

10. Nei.

11. Jeg kjenner liknande typar som 5–7. Men her hadde dei vanleg 2 styre.

11. Veltefjølen var av tre, men ofte jarnslegen.
Reistelen var av jarn.

12. Det var folk som laga seg ardar sjølve, og reist og jarnslo dei. Elles var det smedar som gjorde arbeidet for dei som var „trehendte".
Her er ennå att ymse gamle ardar. Dei er oppfaste uvandt gjort.

13. Det blir nå så-å seia bare bruka fabrikk-smida plogar. Overgangen frå gamalt til nytt var kring århundreskiftet.
Kaptein M. Rye budde på Øvreholt. Han flutte ut av bygda i 1852. Han var ordf. og føregangsmann i jordbruk. Han fekk først inn Smelske plogar. Ein smed Lindgren på Ulefoss smidde plogar. I den tida var prisen på dei 30–40 kr.

14. Veltefjøla var vridd, og av tre, men jarnslegen.
Har au sett flate fjøler, men sjeldan. Det er vel av eldre type.

1383

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15.

Plogkaren hadde oppe med ein liten spade som han skrapa veltefjøla med når jorda la seg på og klabba. Spaden blei lagt uppå plogen.

16.

Ein velta vanleg plogen til den sida som veltefjøla er, når dei køyrde attende.

17

Nei, ikkje så vidt eg veit.

18

19.

Pålag 6 tommar djupt. Dei hadde noko dei kalla strakar som kunne regulera djupleiken.

21.

Er ikkje kjend. Det må vera mykje gamalt.

22.

Dei hadde stundom ei slodde (to meiar med tverbre på) som dei køyrde harva på, men sjeldan plogen.

Her er mange varianter av plogar og ardar.

Ar blir uttala med tykk l.

Og plog med tykk l.

Ordet ard er hankjønn.

Me seier ein ar (at). Me seier „å ale opta" Men au å hyppja opta")

1383

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~Dei~~ Tillegg.

Dei hadde og plog så dei kunne brigde veltefjøla så dei kunne „inbelte" både fram og attende. Dei laut da plóge skrålides.

Dei som hadde små åkerlappar og ikkje hest, spavende jorda og hakka med grev.

Olav Pålson Haugen, f. 1800, d. 1852, hadde ein smid til å gjera rulleharv.

Elles hadde Kapt. Rye ut plogar som han kjøpte inn. Dei ville få folk til å ta etter. Men folk var ofte konservative og heldt på det gamle.

Somme hadde serskilte brotplogar som dei nytta når dei braut jord. Torbjørn G. Øygetveit, f. 1806, d. 1893, hadde to plogar. Ein var til å brote jord. Dei stod under husa på Øygetveit i mange år. Nå er bare ein att.

Brotplogane var stødige og sterke.

Dei gamle stelde djupleiken med handa og. Dei lyfte styra opp og ned. Det blei ein vane.

1383
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING